



Rune Nybø Hopland  
Veråsvegen 30  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/180 - 21/4351

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
knut.bjornevoll@alver.kommune.no

Dato:  
20.01.2021

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden om tilbygg - gbnr 108/530 Lindås

Tiltak: tilbygg  
Byggjestad: Gbnr: 108/530  
Tiltakshavar: Rune Nybø Hopland

Vi har mottatt søknaden din den 07.01.2021.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- **Godkjent dispensasjon frå byggegrensa**  
mot Fylkesveg 5496, Veråsvegen. Eigedommen ligg på uregulert areal for bustad i kommunedelplanen. Kommunedelplan for Lindås 2019 – 2031 har ikkje byggegrenser. Då er det generelle byggegrenser i veglova som gjeld. For fylkesveg er byggegrensa 50 meter frå vegmidte. Søknad om dispensasjon skal behandlast av Vestland fylkeskommune som vegstyresmakt. Godkjenning må ligge føre før vi kan behandla byggesaka. Du søker på Statens vegvesen sin portal:  
<https://www.vegvesen.no/trafikkinformasjon/langs-veien/soknad-om-dispensasjon-fra-byggegrenser>

### Vidare behandling – forholdet til kommuneplanen

I kommunedelplan for Lindås 2019 – 2031 ligg delar av bustaden innafor to omsynssoner:


#### 1, Støysone langs Fylkesveg 5496, Veråsvegen.

Tilbygget må projekerast og utførast slik at innandørs støynivå vert tilfredsstillande.

#### 2. Omsyn kulturmiljø den trondhjemske postvei.

Det medfører at vi må senda søknaden til Vestland fylkeskommune for kulturminnefagleg vurdering.

Kommuneplankart med omsynssoner



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 20.02.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til behandling ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### Saksbehandlingsfrist

Tidsfristar for saksbehandling går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. I denne saka er fristen 12 veker pluss den tida det tar å henta inn tilleggsopplysningar og uttale/vedtak frå andre styresmakter.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig behandla.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Knut Willie Jacobsen  
Rune Nybø Hopland

Lurevegen 304  
Veråsvegen 30

5912 SEIM  
5955 LINDÅS

### Mottakarar:

Rune Nybø Hopland

Veråsvegen 30

5955 LINDÅS

